



Ella Fredrikke Lund Helgesen, Jarl Eirik Mobergslie, Herman Stensen og Ylva Ankervold Teigland var kjappe med å koma i gang med bridgen.

FOTO: KENNETH SVENNINGSSEN

Bridgeklubben kom på ingen måte til kort på Nore Neset barneskule

Klubben har gått frå fem til 80 juniormedlemer. Mogleg vert det fleire etter besøket på Nore Neset barneskule sist torsdag.

Kenneth Svenningsen

Tilbake i 2018 hadde juniorgruppa til Os Bridgeklubb fem medlemer. I dag er dei langt over 80, og stadig vert nye medlemer rekrutterte. Mange av dei gjennom den såkalla skulebridgen.

– Me har halde på med skulebridge i tre år. Dei to første åra hadde me hatt fast opplegg på Lunde barneskule. I haust har me utvida med tilbod også på Os barneskule og Nore Neset barneskule, fortel leiar i juniorgruppa, Tarjei Vangdal.

Spesialøkt for lærarane

Opplegget er primært for for elevane, men onsdag i sist veke gjorde Vangdal eit unntak.

– Lærarane ved Nore Neset barneskule skulle ha ein sosial kveld på huset og spurte om eg kunne koma utom og visa dei litt bridge. Då var eg ikkje vanskeleg å be, smiler Tarjei.

– Det var kjempekjekt. Me er mange som liker å spela kort. Me var 23 tilsette som fekk god opplæring i bridge, fortel rektor Ann-Irene Brunvoll når Os & Fusaposten er innom torsdag.



Onsdag kveld var 23 lærarar i aksjon med bridge.

FOTO: TARJEI VANGDAL

– Skjønnte de alle reglane?
– Hehe, me skjønnte i alle fall noko.

– De var flinke. No håpar eg nokon av dykk finn vegen til bridgekveldane våre for vaksne kvar måndag kveld i Eldresenteret, repliserer Vangdal.

– Litt som amerikanar

Dette var første gongen bridgeklubben tok turen til Nore Neset barneskule.

– Med besøka på Os og Lunde og turen vår her i dag, har me snart lært 150 elevar om bridge, fortel Vangdal.

I klasse 6B er er han kjapt i gang med bridgeundervis-

ninga. Elevane vert delte inn i grupper på fire.

– Bridge er eit kortspel der du spelar to mot to, altså med ein makker. I lag med makkeren din er det om å gjera å få flest mogleg stikk. Du vinn stikket om du har det høgste kortet i kvar farge som vert lagt ut, forklarar Vangdal.

– Ikkje så ulikt amerikanar, kanskje, spør lærar Maria Stangeland Lunde.

– Nei, det er mykje likt, nikkar Vangdal.

Elevane får så eit lite ark med poenga for korta.

– Her står det også kven som sit kvar. I bridge bruker me å



Leif Juvik har vore med og styrt juniorbridgen i mange år. FOTO: KENNETH SVENNINGSSEN

Elskar spel og kort

På Nore Neset var Vangdal og hans kompanjong, Leif Juvik, innom to 6. klassar. Klasse 6B var meir enn klar for bridge.

– Eg elskar spel. På hytta spelar me mykje, fortel Ella Fredrikke Lund Helgesen.

Ho kom på gruppe med Ylva Ankervold Teigland, Herman Stensen og Jarl Eirik Mobergslie. Heile gruppa var positiv til å læra spelet.

– Eg blir glatt med på dette om tysdagane framover. Eg har ingen andre aktivitetar den dagen, så det passar supert, slår Jarl fast.

Også Herman var positiv til å spela bridge etter skuletid ein dag i veka framover, men for Ylva heldt det hardt.

– Eg hadde gjerne blitt med, for eg elskar kort og spel, men om tysdagen går me rett på handballtrening. Eg får heller spela bridge med andre på andre dagar, smiler ho.

Vangdal var positiv etter besøket på Nore Neset. Han er sikker på at dei har rekruttert nye medlemer til klubben.

– I snitt vert 20 prosent av elevane med vidare på skulespel og kanskje også på våre faste spelkveldar for juniorane om fredagane. Bridge er i vinden som aldri før, konstaterer han nøgd.

snakka om nord, sør, aust og vest, held Vangdal fram.

Denne torsdagen er det generell innføring som står på programmet. Klassen får ei kort opplæring før dei byrjar å spela. Målet for klubben er at flest mogleg blir med vidare.

– Frå no av blir det fast bridge her på skulen ein dag i veka. Då er det våre mest erfarne juniorar som er ansvarlege og står for speledagen. Dei har med seg kakao og nudler til dei som kjem. Me har kjøpt for kring 80.000, så me har eit bra lager, smiler Vangdal til Os & Fusaposten.